



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 30.06.2015  
Vår ref.: 2014/18001-8  
Saksbehandlar: heilars  
Dykkar ref.: «REF»

## Melding om kystskogbruket 2015

Viser til vedtak om 'Melding om kystskogbruket 2015' i fylkesutvalet - 18.06.2015. Saksprotokoll og saksframlegg er vedlagt.

Heidi Bjønnes Larsen  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/18001-4  
 Saksbehandlar: Heidi Bjønnes Larsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	170/15	18.06.2015

### Melding om kystskogbruket 2015

#### Samandrag

Hordaland fylkeskommune slutta seg til rullering av 'Melding om Kystskogbruket' gjennom vedtaket frå 28. august 2014. Fylkesutvalet ba om å få meldinga framlagt etter rullering. Målet med rulleringa har vore å spisse målsetjingane, gjere prioriteringar og styrke samarbeidet for skogbruket langs kysten. Fylkesrådmannen meiner at Hordaland fylkeskommune bør vere med i det vidare arbeidet knytt til Kystskogbruket. Skogen har ei sentral rolle i det grønne skiftet. Skogbruket opnar for næring som bidreg til verdiskaping og er klimavennlig. Hordaland fylkeskommune sitt arbeid knytt til skognæringa blir styrka gjennom samarbeid med dei andre kystfylka.

#### Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til Melding om kystskogbruket 2015.
2. Hordaland fylkeskommune vil følgje opp Kystskogbruksmeldinga i samarbeid med dei andre deltakande fylkeskommunane.
3. Arbeidet med å følgje opp Kystskogbruksmeldinga vil verte finansiert over "Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland".

#### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

**Stein Inge Ryssdal** sette fram slikt forslag:

"Alternativ til punkt 1:  
 Hordaland fylkeskommune tar Melding om kystskogbruket 2015 til orientering.

#### Røysting

Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 1. Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune tar Melding om kystskogbruket 2015 til orientering
2. Hordaland fylkeskommune vil følgje opp Kystskogbruksmeldinga i samarbeid med dei andre

deltakande fylkeskommunane.

3. Arbeidet med å følge opp Kystskogbruksmeldinga vil verte finansiert over "Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland".

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 02.06.2015

### Bakgrunn

Skogen gror godt langs kysten. Som resultat av den store skogreisinga midt på 1900-talet vil kystfylka om nokre tiår ha nær halvparten av det produktive skogarealet i landet. Likevel har skognæringa tradisjonelt betydd mindre langs kysten enn i innlandet. For å utnytte det bokstavelige tala veksande potensialet, gjekk alle fylka langs kysten, frå Vest-Agder til Finnmark, saman og laga Melding om kystskogbruket. Hordaland fylkeskommune slutta seg til denne i 2008. Kystskogmeldinga vart laga for å vise fram næringspotensialet i skogen langs kysten, kartlegge flaskehalsar og foreslå tiltak for å auke aktiviteten.

Kystskogbruket har også hatt som oppgåve å synleggjere muligheter og utfordringar i kystskogen overfor politiske miljø. Skogbruket i innlandet har tradisjonelt fått mest politisk merksemd, men når kystskogen no står samla er det lettare å få gjennomslag for saker som er særleg viktige for skogbruket i kystfylka. Hordaland fylkeskommune har engasjert seg i arbeidet gjennom Felles fylkes-kommunalt oppfølgingsprogram. I tillegg har det vore gitt årlege løyvingar frå dei regionale utviklingsmidlane til det felles fylkeskommunale oppfølgingsprogrammet, som har gjennomført utviklingstiltak i tråd med meldinga.

### Om meldinga og rulleringsarbeidet

#### Resultat av Kystskogmeldinga 2008

Gjennom arbeidet med kystskogbruket er det sett i gang fleire prosjekt for å legge til rette for auka verdiskaping frå skogen. Døme på dette er:

- «Verdiskapingsanalyse av kystskogbruket», ei samfunnsøkonomisk analyse av marknads- og verdiskapingspotensialet for bruk av tre i kystfylka.
- «Infrastrukturprogram i kystskogbruket» skal finne ut korleis ein optimaliserer utbygging av infrastruktur som trengst for å utnytte dei ståande skogressursane
- «Kompetanseutvikling i kystskogbruket» skal drive informasjon og aktivitetsskapande arbeid blant dei mange skogeigarane
- «Frå ti til en» prøvar ut ulike løysingar for grunneigarsamarbeid om skogsdrift.
- «Virkesterminaler i kystskogbruket» har som mål å byggje ut fleire tømmerkaier langs kysten. Døme: Eidsnes på Lindås blir no bygd ut med hjelp av fylkeskommunale og statlege tilskot.
- «Taubanesatsing» som skal auke avvirkninga i bratt og vanskeleg terreng.
- «Skogsvegprosjekt» som skal bistå i planlegging av skogsvegar.

Det er ein stor fordel for skognæringa langs kysten å kunne stå saman i eit slikt nettverk. Kystskogbruket skil seg frå skogbruket i innlandet, både i klima og topografi, eigedomsstruktur og infrastruktur. Det er difor nyttig at kystfylka står saman om arbeid som kan gi auka verdiskaping frå skogressursane langs kysten. Skognæringa i kystfylka skapte produksjonsverdiar for 20,7 milliardar kroner i 2011, inkludert ringverknader på om lag 4,8 milliardar kroner. Verdiskapinga har variert år for år, men kystskogindustrien har hatt ei betre utvikling enn resten av landet. Skognæringa langs kysten sysselsette i 2013 nærare 13 500 personer inklusive ringverknader. Skognæringa med ringverknad hadde 1365 sysselsatt i Hordaland i 2013. Omsetning i 2011 var 1597 millionar kroner.

#### Rullering av Melding om kystskogbruket

Åra har gått sidan 2008, og i 2013 bestemte styringsgruppa for kystskogbruket at meldinga skulle rullerast. Fylkesutvalet slutta seg til det i vedtaket frå 28. august 2014, og sa at Hordaland fylkeskommune vil vere med vidare i samarbeid om kystskogbruket. Målet med rulleringa har vore å spisse målsetjingane, gjere prioriteringar og styrke samarbeidet for skogbruket langs kysten.

Rulleringa byggjer på innspel frå tre landsdelvise samlingar der det var god deltaking frå heile verdikjeda, fylkeskommunar, kommunar og fylkesmenn. Innspel frå desse møta var representative for utfordringane og mulighetene i skognæringa langs kysten. I tillegg har det vore gjennomført møte og samtalar med ulike

aktører for å få utfyllende innspel. Styringsgruppa har leia arbeidet og sekretariatet har bestått av personar frå Skognæringa Kyst og fylkesmennene.

Den nye Kystskogmeldinga tek utgangspunkt i skogbruket både som næring og klimatiltak for framtida. Dei næraste åra vil store skogressursar bli hogstmodne og gi høve til auka vidareforedling og verdiskaping i kystskogregionen. Potensialet for meir grøn verdiskaping og sysselsetting bygd på skogressursane er viktig når vi no truleg står ved eit skifte i norsk økonomi. Alt vi i dag lagar av olje, kan i teorien lagast av trevirke.

### **Kystskogmeldinga 2015: Hovudmål for verdiskaping frå kystskogbruket**

- *Verdiskapinga i Kystskogbruket skal firedoblast fram til 2045.*

Det er nyleg lagt fram ein nasjonal strategi for den skogbaserte verdikjeda, SKOG22. Der er konklusjonen at skog- og trenæringa i Norge vil ta ei nøkkelrolle for å realisere det grønne skiftet i Norge. Det er potensiale for å firedoble omsetninga i skog- og trenæringa fram mot 2045. Det er naturleg at Kystskogbruket set seg same langsiktige mål som SKOG22.

Skog- og trenæringa i kystskogbruket har eit økonomisk omsetningspotensial på ca. 60 milliardar kroner pr. år, dersom vi legg SKOG22 sine føresetnader til grunn. Dette er ei firedobling frå nivået i 2011 på 15,9 milliardar kroner.

For Vestlandet og Nord-Norge sin del er det behov for å sikre avsetning for dei betydelige skogressursane som er bygd opp, og som etter kvart vert tilgjengelege. For Trøndelag sin del handlar det om å vidareutvikle eksisterande industri, samtidig som det vert satsa på nyutvikling. Trøndelag, med sine skogbrukstradisjonar og kompetanse kan vere ein motor i dette arbeidet, og særleg bør skognæringa i aukande grad samarbeide med FoU-miljø.

### **Kystskogmeldinga 2015: Hovudmål for klimatiltak i kystskogbruket**

- *Kystskogen sitt karbonlager skal aukast og trevirke skal i aukande grad erstatte mindre klimavennlege material og energikjelder.*

Det grønne skiftet, eller overgangen frå svart til grøn karbon, gir store muligheter for norsk skognæring og er eit opplagt konkurransefortrinn nasjonalt og internasjonalt, viss vi satsar på produktutvikling. Trevirke er et materiale med lågt CO<sub>2</sub>- fotavtrykk, og bør i langt større grad erstatte mindre klimavennlege material. Trevirke til energiformål bør erstatte kol, olje og gass. Å plante skog er eit effektivt tiltak for å binde CO<sub>2</sub>. Kysten har store areal som egner seg for klimaskogplanting, og vi har høve til å ta eit særskilt ansvar nasjonalt for det tiltaket.

### **Kystskogmeldinga 2015: Delmål og strategiar**

- *Kystskogen sitt produksjonspotensial og skogressursar skal utnyttast. Vi skal sikre auka skogproduksjon og råstoff-forsyning på kort og lang sikt*
  - *Arbeide for ei ekstraordinær satsing på infrastruktur i kystskogbruket og gjennomføre tiltak i tråd med infrastrukturprogrammet*
  - *Bidra til aktiv og bærekraftig ressursforvaltning, auka skogplanting og kvalitetsproduksjon i skogen, for å sikre langsiktig råstoff-forsyning og karbonbinding*
  - *Få opp ei velfungerande forvaltning på kommunalt og regionalt nivå i kystskogbruket*
  - *Sikre tilstrekkelig rekruttering og kompetanse gjennom utdanning på alle nivå*
- *Auke bruk av tre og treprodukt. Markedet skal bli få tilbod om konkurransedyktige produkt av fornybare materiale med positivt CO<sub>2</sub>-avtrykk*
  - *Legge til rette for å stimulere til bruk av bioenergi frå skog*

- *Næringa må tilby konkurransedyktige løysingar innan bygg og energi og drive marknadsutvikling for å fremme bruken av bærekraftige løysingar*
- *Bruken av material med positivt CO2-fotavtrykk må få konkurransefortrinn ved at offentlig sektor brukar mulighetsrommet i planer, regelverk og innkjøpsordningar til å stille krav om bruk av bærekraftige løysingar*
- *Rammevilkår som gir konkurransekraft for heile verdikjeda*
  - *Synleggjere behova for forutsigbare rammer og konkurransevilkår for skognæringa i heile landet*
- *Meir vidareutvikling og innovasjon i verdikjedene*
  - *Vidareutvikle kommunikasjon, informasjon og marknadsarbeid som er etablert saman med bransjeorganisasjonar og andre aktørar*
  - *Greie ut skognæringa sitt behov for og tilgang til kapital og investeringar.*
  - *Legge til rette for vidareutvikling av eksisterande, og etablering av ny skogindustri*
- *Bidra til å utvikle ein nasjonal skogeigarpolitikk*
  - *Utvikle ein skogeigarpolitikk som stimulerer til, og sikrar skogaktivitet*
- *Etablere og avsette til klimaskogar 1 million dekar med en opptrapping til 5 millionar dekar i løpet av de komande 50 år*
  - *Bidra til å etablere eit nasjonalt finansiert "Klimaskog-program"*

### **Forventa oppfølging frå fylkeskommunane**

Melding om kystskogbruket er fylkeskommunane sin strategi. Det betyr at det også er fylkeskommunane sitt ansvar at mål og strategiar blir følgde opp med konkrete utviklingsaktivitetar. I samband med vedtak om rullering av Melding om Kystskogbruket bad styringsgruppa om at fylka sitt felles oppfølgingsarbeid skulle avklarast. Styringsgruppa rådde til at fylkeskommunane frameis skulle ha eit langsiktig perspektiv på oppfølgingsarbeidet av meldinga, og bad fylka om å vedta ein intensjon om vidare deltaking. Det gjorde Fylkesutvalet i sitt vedtak 28. august 2014, der ordlyden var: *Hordaland fylkeskommune har intensjon om å følgje arbeidet vidare gjennom deltaking i oppfølginga av «Melding om Kystskogbruket».*

Styringsgruppa har hatt ein høyringsprosess rundt oppfølgingsarbeidet og ber fylkeskommunane slutte seg til følgjande:

- Oppfølgingsarbeidet av den rullerte meldinga vert organisert som eit fireårig prosjekt frå 2015.
- Styringsgruppa bør bestå av 6 medlemmar, to frå kvar landsdel.
- Dei fylkeskommunale nettverksgruppene vert ført vidare.
- Det vert inngått eit samarbeid med Skognæringa Kyst om prosjektleiing og sekretariat.
- Finansiering av oppfølgingsarbeidet vert delt mellom fylkeskommunane og vil ligge på om lag 100 000 til 150 000 kroner pr. år. Det er styret for den Fylkeskommunale oppfølginga som vedtek budsjett og har ansvar for rekneskapen for desse pengane.

### **Fylkeskommunane sin rolle som regional utviklar og planmynde**

Det regionale partnerskapen kan ta ei sentral rolle for å etablere klimavennlig næringsutvikling. I rolla som regional planmynde, og med heimel i plan- og bygningslova, kan fylkeskommunen stille krav som fremmar klimavenlege løysingar, til dømes meir bruk av tre som byggemateriale og energikjelde. Som stor utbygger og innkjøpar kan fylkeskommunen etterspørje nye og betre løysingar som tvingar fram utvikling av innovative produkt, løysingar og konsept. Det kan bidra til at næringslivet i regionen utviklar nye løysingar, og styrkar si konkurransekraft. Utbygging av Romsdal vidaregåande skule i massivtre er eit godt døme på slik politikk.

### **Oppsummering av Melding om kystskogbruket**

Melding om kystskogbruket tek tak i dei felles, overordna utfordringane for kystfylka og peikar på løysingar i eit samarbeid med næringa og statlege etatar.

Skogen i Hordaland er i sterk vekst, og i åra framover er det store kvantum som vert hogstmodne. Det er difor viktig å auke hogsten i Hordaland slik at vi får utnytta desse ressursane før dei går tapt. Samstundes må det stimulerast til nyplanting og skjøtsel slik at ressursane vert fornya for komande generasjonar og samstundes vere eit klimaverktøy ved å binde CO<sub>2</sub>. Fylkeskommunen bør bidra til å nå desse måla ved å vere med vidare i kystskogbruket saman med dei andre kystfylka.

Det arbeidet som er gjort hittil i Kystskogbruket viser at skogbruket i Hordaland får mykje att for ein relativt låg inngangsbillett. Det er gjennomført store utgreingar og analyser, kompetansehevingsprogram og rådgjevingsressursane er styrka. Skogbruket i Hordaland har stor nytte av å kunne få drahjelp av dei litt større aktørane, til dømes treindustrien i trøndelagsfylka.

Samarbeidet om kystskogbruket gjer det også lettare for Hordaland fylkeskommune å spele ei rolle som regional utviklar for skogbruksnæringa i Hordaland. Hordaland åleine er ein liten aktør, men kysten samla kan bli ein maktfaktor. Samarbeid effektiviserer utviklingsarbeidet, og gjer kystskogbruket til ei meir synleg næring overfor sentrale styresmakter.

### Fylkesrådmannen si vurdering

Skognæringa i Hordaland har potensiale for vekst. Kulturskogane frå 1930-, 1940-, og 1950-tallet er etterkvart hogst modne og store volum vil kunne avverkas framover. I kystområda handlar det om korleis ein kan skape næringsverksemd og verdiar ut av skogressursane. Skogbruket representerer mogleg verdiskaping i ein klimarett verdikjede. Skogen har potensiale som næring og som rolle i det grønne skiftet.

I dialog med næringa og forvaltning er det peika på nokre utfordringar i skognæringa i Hordaland. Desse overlappar utfordringane i dei fleste andre kystfylka, bortsett frå Trøndelag. Infrastrukturen er manglande eller ikkje god nok. Det er mange små skogeigarar. Det nærmar seg eit generasjonsskifte i skogforvaltninga og det er behov for meir og ny skogkompetanse. For å auka bygging i tre er det auka kunnskap om trebyggeri. Verdikjeda for skog og tre er for fragmentert. Kunnskap og kompetanse må aukast i alle ledd i verdikjeden slik at marknaden sin etterspurnad av ulike kvalitetar blir ivareteke og at dei ulike ledda i verdikjeda kan maksimere si avkastning. Det vert tatt ut meir virke enn det vart planta. Manglande kunnskap gjer at nokre skogeigarar hogg for tidleg slik at det økonomiske potensialet i areal ikkje blir teke ut.

I regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 er skogbruk rekna som ein del av landbruket, og det er også ei næring som har positive ringverknader for mange område i fylket. Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN) 2015 har eit innsatsområde knytt til skog: «medverke til tiltak aom aukar berekraftig avverkning og uttak av biomasse frå skog, samt bidreg til ei auking i bearbeiding og bruk av trevirke i fylket.»

‘Melding om Kystskogbruket’ i sin nye form adresserar utfordringane som Hordaland har i skogsnæringa. Kvart kapittel i meldinga avsluttar med anbefalingar til vidare aktivitet. Fylkesrådmannen meiner at overvekta av desse anbefalingane møter utfordringane i næringa og kan bidra til ei berekraftig skognæring i Hordaland. Hordaland fylkeskommune legg til grunn same føresetnaden for arbeid med skog som ‘Melding om kystskogbruket’ legg til grunn for all verksemd i skognæringa «I en framtidsrettet skognæring ligger prinsippet om bærekraft til grunn for all virksomhet. Dette forutsetter at miljøhensyn knyttet til biologisk mangfold, kulturverdier, landskap og opplevelseskvaliteter blir i varetatt» (Melding om kystskogbruket side 22).

Kapitelet om klimaskog manglar referansar. Dette punktet bør diskuteras nærmare før vidare arbeid. Klimaskog omgrepet er omdiskutert. Hordaland fylkeskommune meiner at all skognæring må drives i et klimaperspektiv, ikkje bare klimaskogar. Planting av skog på gjengroingsområder må vurderast nøye slik at det ikkje kjem i konflikt med jordvernet og matproduksjon. Det må heller ikkje plantast på for mange gjengrodde områder fordi karbongjelda blir for høg. Det må heller ikkje plantast artar som øydelegg biologisk mangfald.

Det er viktig for Hordaland fylkeskommune at det blir lagt til rette for ei berekraftig skognæring. For å sikre ei berekraftig skognæring må det mellom anna plantast målretta på områder som er eigna for skogsdrift. Det må vere lønnsamt å ta ut skog og det biologiske mangfaldet må bli teke vare på. For å sikre ei klimavenleg skognæring er det ikkje tilstrekkeleg å plante skog, det må sikrast langtidslagring av CO2 ved at trevirket blir brukt i lengelevande strukturar slik som hus og andre bygningar.

Fylkesrådmannen meiner at Hordland fylkeskommune bør vere med i det vidare arbeidet knytt til Kystskogbruket. Skogen har ei sentral rolle i det grønne skiftet. Skogbruket opnar for næring som bidreg til verdiskaping og er klimavennlig. Skogbruket i Hordaland er ei forholdsvis ung næring med moglegheiter og utfordringar. Den rullerte melding tek opp mange problemstillingar som óg rårer næringa i Hordaland. Når vi står i lag med dei andre fylka er vi betre rusta til å utløyse dei potensielle verdiane som ligg i Hordalandsskogane.